

Kaffistovedrift Dølaheimane – Geilo og Ål 1921 – 1968

Den fyrste kaffistova til Hallingdal fylkeslag vart opna 1921 i 2.høgda hjå A. E. Grøvo på Geilo.. Fram til i slutten av 1920 åra driven av systrene Guri, store og vesle Margit Fossgard. "Godt gjort på ein liten stad som Geilo," uttalte Ola Perstølen den gong. Med privat drift var kaffistova i gang til 1943.

Ihuga folk hadde arbeidd for ei kaffistove på Ål. 23. mars 1932 kunne "Dølaheimen" opne i den nye tingstugu. Den dugande styrarinna Sissel Breie eigde ¼ del i lagsbruket. I april 1940 overtok Haldis Breie. Okkupasjonen gav vanskelege driftsforhold. Etter at ungdomslaga hadde meldt seg ut av det NS-overtokne Noregs ungdomslag, sa i 1943 det nyutnemnde kommunestyret på Ål opp leigeavtala. I desember 1944 var det kroken på døra for det andre forsøket etter 12 års drift..

I 1953 var ein ny generasjon lagsfolk vald inn i Fylkeslagets styre. Dei tok opp att tanken om kaffistove, og arbeidde snøgt. I 1954 kunne smilande Anna J. Myro i nystrøken kvardagsbunad ynskje velkomen til "Dølaheimen" Geilo i "Sportskafeens" tidlegare lokaler. Med velvilje frå Trygve Tragethon hadde kaféstyret, der Sverre G. Åker var leiar, med enkle midlar og små kostnader innreidd ei triveleg kaffistove. Styret i fylkeslaget var med rette glade over å kunne synleggjere samskipnaden på denne måten.

"Dølaheimen" vart snart ein møtestad for medlemmer og bygdefolk på Geilo. Frå fyrste stund tok ein til med middagsservering attåt vanleg kafémat. Sjølv om lokalet var lite, kjende lagsfolk lagsbruket som "sitt". Ein stad å vera.

Drifta på "Dølaheimen" på Geilo hadde gitt meirsmak. Styret i fylkeslaget såg seg nå om etter høvelege lokal på Ål. Løysinga kom då samvirkelaget på Ål skulle bygge nytt. I 2. høgda ville det bli plass til ein ny "Dølaheimen". Her fekk fylkeslaget leige eit stort kafelokale og eit siderom som vart innreitt til ei koseleg peisestove for mindre samkomer.

Olav Austigard, journalist i Hallingdølen, tok på seg å leie kafênemda. Med pipa i munnen gjekk han laus på oppgåva med usliteleg pågangsmot. Om han nokon sinne tok seg tid til å kveike på tobakken, kan vi ikkje minnst. Kafelokalet vart utstyrt med det nyaste i sjølvbetjening, ein varme- og sjølvbetjeningsdisk til 20.000. Dyktige Birgit Brattåker og hennar stab sydde gardiner. Det kom dukar på borda. Frå glasa kunne kafégjestane følgje med i trafikken på Sundre. Banksjef Hole i Ål sparebank hadde sett med velvilje på tiltaket og gjeve kr. 20.000.- i lån.. 10 lagsmedlemmer kausjonerte for beløpet. Dei tapte ikkje pengane sine.

"Dølaheimen" på Ål vart straks ein populær møtestad då den opna i 1958. Dyktige medarbeidarar sørge for trivsel, og omsetnaden steig. Ikkje rart ungdomslaga i Hallingdal var byrge av dei to kaffistovene sine.

Det gjekk bra fram til 1968. Då fekk Dølaheimen Geilo tevling av ein nyetablert kafé i det nye bankbygget til Hol Sparebank. Samstundes sa Tragethon opp leigeavtala på grunn av nybygg. Ein såg ikkje annan utveg enn å legge ned drifta og selja innbuet.

Styrarinner i denne tida utanom Anna Myro har vore Kari Sataøen, Kari Vindegg og Birgit Berg.. Dølaheimen Ål hadde i likskap med Geilo levd på lånt tid. Samvirkelaget ynske å nytte lokala sjølv. Etter styrarineskiftet hadde driften av Dølaheimen, Ål gått dårlegare. Det oppstod betalingsvanskar. Ein såg seg nøydd til å avvikle.

Avviklingsstyret med Gudbrand E. Persmoen som formann måtte konstatere at Dølaheimen var konkurs. Varer og utstyr vart seld, til dels på auksjon. Einskilde fordringshavar fekk dekt berre 30% av krava.

Likevel er det all grunn til å takke dei som sto på for at "Dølaheimane" i Hallingdal var å finne i lista over kaffistover drivne av den frilynde ungdomsrørsla rundt om i landet.